

Har vore bøsseberar 15 år på rad.

21.10.2018



Anne-Irene Guddal Tarberg har vore med på TV aksjonen som bøsseberar 15 år på rad, her saman med borna sine Aurora Sofie og Håkon.

TV aksjonen 2018 er i gang med 15 bøsseberarar i Uskedalen, fordelt på 13 roder. Anne-Irene Guddal Tarberg er truleg den av alle som har vore bøsseberar flest gonger. Ho har vore frivillig kvart år i TV aksjonen sidan 2003. Då var eldste barnet deira baby. Seinare har borna vore med kvart år. TV aksjonen i år går til Kirkens Bymisjon med parolen Mindre saman åleine.

Det er tredje året Helene Huse Bjønnebøle er rodeleiar i Uskedalen. Ho er takksam for alle som melder seg som bøsseberarar. Nokre dagar før sjølve aksjonsdagen mangla ho 2 - 3 frivillige. Etter notis på uskedalen.no kom det straks telefon og dermed var alt på plass.



Rodeleiar Helene Huse Bjørnebøle står for utkwittering av bøsser til 15 bøsseberarar i Uskedalen.

Gamleskulen er basen for ut- og innlevering av bøsser. Rodeleiaren har i forkant vore på eit informasjonsmøte og skal seinare i dag levera 15 bøsser til banken på Husnes.

Bymisjonen er ein open, inkluderande og ideell organisasjon som hjelper menneske som strevar i kvardagen på ulike måtar. Innsamla midar i år går mellom anna til å opna nye og sikra eksisterande møteplassar der ein kan få ei seng, mat, aktivitetar og omsorg. Visjonen er at brukarar i møte med Bymisjonen skal oppleve respekt og rettferd.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Innsamlinga i Uskedalen skal vera gjennomført på to timar. Klar for avgang !